

ROS –analyse

Nytt bustadfelt Mobø, Raulandsgrend i Vinje kommune

05.05.2026

Samandrag

Planområdet og planlagde tiltak er omtalt i planomtala. Det er Vinje kommune ved avdelinga teknisk drift og infrastruktur og planavdelinga som har utarbeida risiko og sårbarheitsanalyse. Analysen har avdekt følgande forhold/ hendingar, kor alle er kategorisert i grøn risikovurdering og dermed ikkje treng særskilte tiltak i plankart eller føresegner:

- 1) *Brann – berre 2 tilkomstveg*
- 2) *Vêr og føre kan gjere framkomst vanskeleg.*
- 3) *Glatte vegar kan føre til ulykker som stengjer vegen til området*
- 4) *Ulykke i av- og påkøyring, samt med myke trafikantar (Det vil det alltid vere så lenge det finnast bilar)*
- 5) *Flaum – aktsemdssone for flaum*

Metode og føresetnader

Analysen er gjennomført i medhald DSBs rettleiar *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging* (2017) og tilhøyrande sjekklister, og *Klimahjelpen* (2015) og *Sjekklister til ROS-analyser til planer*, rettleiar for plan- og bygningsloven. I tillegg er Klimaprofil for Telemark og overordna ROS-analyse for Vinje kommune lagt til grunn. Analysen er basert på føreliggjande planforslag. I risikovurderingane er det tatt utgangspunkt i relevante kravdokument. Informasjon om kor data og informasjon er henta frå er oppført for kvar risikovurdering.

Moglege uynskte hendingar er sortert etter tema. Vidare er hendingane sortert i to hovudgrupper; dei som kan påverke planområdet funksjon, utforming med meir, og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadane (høvesvis konsekvensar for og konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklister, men ikkje er til stades i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonnen "Aktuelt?" og berre unntaksvis kommentert. Det oppgjevast likevel kva kjelde ein har brukt for å kome fram til konklusjonen.

Vurdering av **sannsyn** for uynskte hending er delt i:

- Svært sannsynleg (4) kan skje regelmessig; forholdet er alltid tilstades
- Sannsynleg (3) kan skje av og til; periodisk hending (årleg)
- Mindre sannsynleg (2) kan skje, ikkje usannsynleg; ca. kvart 10 år
- Lite sannsynleg (1) en teoretisk sjanse for hendinga; sjeldnare enn kvart 50 år

Kriteria for å vurdere **konsekvensar** av uynskte hendingar er delt i:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning med meir
1. Ubetydeleg	Ingen skade	Ingen skade	Uvesentleg
2. Mindre alvorleg	Få/små skader	Ikkje varig skade	Skade dersom reservesystem ikkje finst
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skader	Behandlingskrevjande skade	System settast ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom
4. Kritisk	Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd	Langvarig miljøskade	System settast varig ut av drift; uoppretteleg skade på eigedom

Berekna **risiko** som funksjon av sannsyn og konsekvensar er gjeve i fylgjande tabell:

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Kritisk
Sannsyn:				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: Tiltak naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast i høve til nytte
- Hendingar i grønne felt: Rimelege tiltak må gjennomførast

Tiltak som reduserer sannsyn skal vurderast fyrst. Om dette ikkje gjer effekt eller er mogleg, blir det vurdert tiltak som avgrensar konsekvensane.

4. Overordna risikovurdering

Tenkelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i fylgjande tabell.

Hending/situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
Naturrisiko						
<i>Ras/skred/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>						
1. Skred frå fjell (steinsprang, stein- og fjellskred)	Nei				Ikkje i regulert byggjeområde	NVE atlas
2. Jordskred	Nei				Ikkje i regulert byggjeområde	NVE atlas
3. Flaumskred	Nei				Ikkje i regulert byggjeområde	NVE atlas
4. Kvikkleireskred	Nei				Planområdet ligg over marin grense.	NVE atlas

5. Snøskred (laussnø-, flak- og sørpeskred)	Nei				Ikkje i regulert byggeområde	NVE atlas
6. Flaum	Ja	2	3		Aktsemdsområde for flaum langs elva. For å avklare den reelle risikoen er det gjennomført ny flaumvurdering i 2026. Det er lagt inn faresone for flaum i plankartet med tilhøyrande føresegner om byggesikker høgde per tomt. Terrenget må hevast om lag 0,3 m for å sikre mot 200-års flaum med klimapåslag.	NVE atlas
7. Radongass	Nei				Moderat til låg aktsemdssone for radon i planområdet.	Aktsemdskart frå NGU
<i><u>Vêr, vindeksponering. Er området utsett for:</u></i>						
8. Vind (lokalklimatisk)	Nei				Møbø er ikkje særleg vindutsett i dag. Klimaprofil for Telemark spår truleg liten endring i vindstyrken.	Klima
9. Nedbør (lokalklimatisk)	Nei	3	1		Klimaprofil for Telemark viser til forventa episodar med kraftig nedbør i heile fylket. Topografisk og geologisk sett er området ikkje særleg utsett. I høve overvatn skal det veljast opne løysingar. Overvatn skal handterast lokalt på tomtene og kan førast til terreng/bekken.	Klima
10. Springflo	Nei				Ikkje relevant	NVE atlas
11. Havnivåstigning	Nei				Ikkje relevant	NVE atlas
<i><u>Natur- og kulturområde. Medfører planen/tiltaket fare for skade på:</u></i>						
12. Viktige naturtypar og sårbare artar	Nei				Ingen registrering	Naturbase
13. Verneområde	Nei				Ikkje relevant	Naturbase

14. Vassdragsområder	Nei				Planområdet er avgrensa av eit vassdrag mot nordaust. Det gjeld ei generell aktsemdplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5) som inneber at alle skal opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11). Kantsona er sikra i plankartet med LNF. Det er lagt inn føresegner som sikrar omsynet til vassdrag og kantvegetasjon.	Naturbase og Vann-nett
15. Fornminne	Nei				Ingen registrering	
16. Kulturminne/-miljø	Nei				Ingen registrering	
Samfunnstryggleik						
<i>Strategiske område og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>						
17. Veg, bru, knutepunkt	Nei				Byggjeområdet medfører ikkje risiko for viktige knutepunkt	
18. Havn, kaianlegg	Nei				Ikkje relevant	
19. Sjukehus/-heim, kyrkje	Nei				Ikkje relevant	
20. Brann/politi/sivilforsvar	Ja	1	3		Auka krav til beredskap	
21. Kraftforsyning	Ja	1	1		Ikkje spesielt utsett for straumbrot, føresegner som sikrar alternativ energikjelde for oppvarming og matlaging. Høgspenst distribusjonsnett over planområdet. Det er knytt rekkjefølgjekrav til at denne vert lagt i bakken før oppføring av bygg.	NVE temakart
22. Vatn og avløp - brot	Ja	2	1		Vass- og avløpsleidning i Bituåi er noko utsett for erosjonsskade. Omlegging av VA i Bituåi til framtidig gs-veg vil redusere risiko for dette.	
23. Forsvarsområde	Nei				Ikkje relevant	
24. Tilfluktsrom	Nei				Ikkje relevant	
25. Område for idrett/leik	Nei				Ikkje relevant	

26. Rekreasjonsområde	Nei				Ikkje relevant	
<i>Forureiningskjelder. Rørast planområdet av:</i>						
27. Akutt forureining	Nei				Ingen kjente kjelder til akutt forureining.	
28. Permanent forureining	Nei				Ikkje relevant	
29. Støv og støy; industri	Nei				Ikkje relevant	
30. Støv og støy; trafikk	Nei				Støykartlegging T1442 knytt til fylkesveg 362 er utanfor byggeområdet	
31. Støy; andre kjelder	Nei				Ikkje relevant	
32. Forureina grunn	Nei				Det er ingen kjelder til forureina grunn i nærleiken	
33. Forureining i sjø/vassdrag	Nei				Vasskvaliteten i Klavabekken er god økologisk tilstand. Ingen ny eller kommande aktivitet som tilseier risiko.	Vann-nett
34. Høgspenlinje (stråling)	Nei				Ikkje relevant	
35. Risikofylt industri mm - kjemikaliar/eksplosivar	Nei				Ikkje relevant	
36. Avfallsbehandling	Nei				Hushaldningsavfall blir handtert av kommunale ordningar.	
37. Oljekatastrofeområde	Nei				Ikkje relevant	
<i>Forureiningskjelder. Medfører planen/tiltaket:</i>						
38. Fare for akutt forureining	Nei				Ingen ny eller kommande aktivitet som tilseier risiko	
39. Støy og støv frå trafikk	Nei				Ingen ny eller kommande aktivitet som tilseier risiko	
40. Støy og støv frå andre kjelder	Nei				Planen legg ikkje opp til nye støykjelder	
41. Forureining til sjø/vassdrag	Nei				Ingen ny eller kommande aktivitet som tilseier risiko	
42. Risikofylt industri mm - kjemikaliar/eksplosivar	Nei				Ikkje relevant	
<i>Transport. Er det risiko for:</i>						
43. Ulykke med farleg gods	Nei				Fylkesveg 362 har ein ÅDT i 2023 på 300, 18 % lange køyretøy.	Vegkart
44. Vêr/føre avgrensar tilgjengelegheit til området	Ja	1	1		Kan kome mykje snø.	

<u>Trafikktryggleik</u>						
45. Ulykke i av-/påkøyrslar	Ja	1	3		Det vil alltid vere ein risiko for ulykker der det er motorkøyretøy. Viktig å sikre siktsone i plankart. Fylkesveg 362 har ein ÅDT i 2023 på 300, 18 % lange køyretøy.	Vegkart
46. Ulykke med gåande/syklande	Ja	1	3		Det vil alltid vere ein høve for ulykker der det er motorkøyretøy.	
47. Andre ulykkespunkt	Nei					
<u>Andre forhold</u>						
48. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål	Nei					
49. Er det potensiell sabotasje-/terrormål i nærleiken?	Nei					
50. Naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc)	Nei					
51. Gruver, opne sjakter, steintipper etc.	Nei					
<u>Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring</u>						
52. Trafikkulykke ved anleggsgjennomføring	Nei					
53. Ulykke ved sprenging	Nei					

Endeleg risikovurdering

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg			6	
1. Lite sannsynleg			9, 20, 21, 22, 44, 45, 46	

Hendingar som er vurdert å vere sannsynlege til svært sannsynlege og ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar krev tiltak. Det er i alt registrert 7 tema med risiko i grøn kategori og 1 tema med risiko gul kategori. Desse er kommentert i skjemaet med evt. tiltak.

Vinje kommune

Vinje, 10.11.2025, revidert 05.05.2026 etter ny flaumrapport.

Kjelder som er nytta:

Kulturminne: <https://askeladden.ra.no/> ;

Artsdatabanken: <http://artsdatabanken.no/>

Risiko og sårbarheit: <http://www.dsb.no/> ;

NVE: <http://www.nve.no/> ;

Naturbase: [Naturbase: Natur og miljø på kart - miljodirektoratet.no](http://naturbase.no/)

Norges geologiske undersøkelse: [Geologiske kart | NGU](http://geologiskart.no/)

NVE Atlas: [NVE Atlas](http://nve.no/)

Kommunens innsynsløysing og tiltaksanalyse frå Norkart:

<https://kommunekart.com/proff/klient/vinje/innsyn>

Statens vegvesen, vegkart:

<https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:topo4/@107537,6641072,16/hva:hva%5B0%5D%5Babsol uteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=540/valgt:1018961211:540>

Klimahjelpen: <https://www.dsbinfo.no/dsbno/2015/tema/klimahjelpen/?page=28>